

ÅRSMELDING FOR STORD ELDRERÅD 2022

ELDRERÅDET SI SAMANSETJING:

Medlemer:

Tove Dypå Lunde (leiar)
Nils Tore Gram Økland (nestleiar)
Randi Helland

Varamedemer:

Birger R. Larsen
Tove Irene Garli
Hans Emil Johansen

Politiske medlemer:

KST Kåre Løkhammer (V)
U-RHO Sunniva H Sande (Sp)

Øyvind Kyvik (H)
Brit D. Reksnes (A)

Sekretær: Haldis Lauksund
Møtestad: Formannskapssalen

I 2020 vart det halde 9 møte, der det vart handsama og orientert om saker og planar som vedkjem eldre sine levekår. Dette var fordelt på 13 politiske saker, 43 referatsaker og 10 orienteringar.

1. POLITISKE SAKER

Årsbudsjett 2023, Økonomiplan 2023-2026

Det er ikkje eldrerådet si oppgåve å utarbeida framlegg til alternative budsjett, eller å finna inndekning for framlegg til endringar i framlagt budsjett. Eldrerådet vil derimot peika på følgjande moment som KST og RHO-utval må ta omsyn til når dei behandlar budsjettet.

- 1) Stord kommune må starta prosjekteringa av nye sjukeheimsplassar der ein også legg inn ei kjøkenløsning for institusjonane med sikte på ferdigstilling ikkje seinare enn 2026.
- 2) Tre nye sjukeheimsplassar må takast i bruk på Stord sjukeheim frå januar 2023.
- 3) Heimerehabiliteringa må styrkjast.
4. Dag- og døgnrehabiliteringa må styrkast.
- 5) Heimebaserte tenester må styrkjast.
- 6) Verbalpunkt: Stord sjukeheim bør gå inn i eit samarbeid med NAV med sikte på å redusera sjukefråveret gjennom tidleg innsats og tilpassingar i arbeidsoppgåver ved institusjonane.
- 7) a. Ein må finna plass til koordinatorstilling ved Leirvikstova.
b. Verbalpunkt: Rådmannen må få i oppgåve å finna ei løysing der tilbod og aktivitetar i Leirvikstova, Hagerupshuset og biblioteket vert koordinerte.
- 8) Ut frå demografiutvikling og samla lånegjeld bør Stord kommune i sin økonomiplan sjå kritisk på dei samla investeringane i barnehage, skule, idrett og kultur i forhold til investeringane i eldreomsorg.

Årsmelding og rekneskap 2021 Stord kommune

Med bakgrunn i det store driftsresultatet for 2021, forventar eldrerådet at kommunestyret legg den komande RHO-planen til grunn når det gjeld prioriteringar i revidert budsjett 2022, nytt budsjett 2023 og for økonomiperioden 2023-2026.

Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel

Eldrerådet har følgjande uttale til kommuneplanen sin samfunnsdel:

- * Tillegg under overskrifta «Sterkt regionsenter for Sunnhordland»: eit breitt tilbod av sjukehus og spesialhelsetenester.
- * Tillegg under overskrifta «Grøn by»: Utvikla fleksible kollektivtilbod gjennom samordning av ulike typar offentlege transportordningar.
- * Kommunen bør ha som mål å spare areal ved at utvidingar og nye bygg på Heiane blir prosjektert for 3 til 4 etasjar.
- * Kartleggja kva som skjer ved framtidig havnivåstigning. Kva konsekvensar har det for utbygging av infrastruktur og bygg?

Ny kommunedelplan rehabilitering, helse og omsorg - høyring

Eldrerådet tek ny plan for rehabilitering, helse og omsorg til orientering med desse kommentarane:

Framlegg til RHO-plan gir ei god skildring av no-situasjonen og ei analyse av framtidige utfordringar og behov. Tiltaka i planen svarar i stor grad på utfordringane.

Eldrerådet er særleg oppteken av at RHO-planen må ha fokus på:

- * Gode habiliteringstenester heime og på institusjon; som dagtilbod og døgntilbod.
- * God kvalitet på maten ved institusjonane.
- * Fleksibel og variert organisering av omsorgstilbodet i spennet mellom heimetenester og institusjonar.
- * Avlastningstilbod for pårørande.
- * Aktivitetstilbod og sosiale møteplassar for eldre i alle delar av kommunen.

Eldrerådet støttar elles dei konkrete innspela som RHO-utvalet har formulert, men vil leggja til følgjande tiltak:

- * Førebyggjande heimebesøk bør følgjast opp med individuelle tiltaksplanar for den einskilde:
 - a) Framlegg til tiltak i bustaden
 - b) Framlegg til tiltak for trening, fysisk aktivitet og evt. Habilitering
 - c) Framlegg til tiltak for å fremja sosial aktivitet
- * Eldre som mottek tenester bør ha ein fast kontaktpeprson i kommunen.
- * Auka talet på nye sjukeheimsplassar ut frå prognosane som ligg føre.

Revisjon av retningslinjer for Tilsynsutval ved institusjonar og bustader for eldre med heil-døgnsomsorg i Stord kommune

Eldrerådet går inn for å oppretthalda tilsynsutvalet, og er enig i at namnet vert endra til

velferdsutvalet.

Eldrerådet meiner at retningsliner for velferdsutvalet også må gje rom for at velferdsutvalet ut frå eige skjøen og vurderingar kan peika på tilhøve, både av positiv og negativ art, når dei ferdigstiller sin rapport.

Høyring – Forskrift for utleige av små elektriske køyretøy i Stord kommune

Eldrerådet oppmodar til at forskrifta vert revidert etter 1 års prøvetid.

Vidare bør forskrifta justerast i høve nye sentrale forskrifter.

Rådet foreslår vidare at §6H «Utleigar skal på eige initiativ snarast, og seinast innan 3 virkedagar, fjerne, flytte og rydde små elektriske kjøretøy» - vert endra frå 3 virkedagar til 1 virkedag.

Seniorprisen 2022

Stord elderråd vedtek å gje seniorprisen til Leirvikstova ved Stord kommune.

Ved å oppretta Leirvikstova som ein ny sentral møtestad for eldre, men også for mange andre grupper, har Stord kommune gitt eit viktig bidrag til arbeidet for å gjera Stord til eit aldersvenleg samfunn. I Leirvikstova finn ein eit breidt tilbod av aktivitetar spreidd over heile veka og til ulike tider frå morgon til kveld. Mange av desse tilboda rettar seg mot eldre. Me kan nemna dans, trim, yoga, middagservering, kafè og kurs. I tillegg er Leirvikstova eit godt og mykje nytta møtelokale for lag og organisasjonar, og mange av dei har eldre som målgruppe.

Det er også rosverdig at Stord kommune fekk på plass ei stilling som koordinator for aktivitetane i Leirvikstova, noko som er ein viktig føresetnad for den gode drifta.

Dei tre institusjonane Leirvikstova, Hagerupshuset, som Stord kommune også eig, og Stord folkebibliotek utgjer no ein viktig del av fundamentet for det sosiale og kulturelle livet for eldre på Stord

I Frivillighetens år 2022 er det også flott å kunna seia at livet i Leirvikstova er eit godt døme på kva ein kan få til gjennom samarbeid mellom frivillige og kommunen.

2. ORIENTERINGAR

- Status Knutsaåsen omsorgssenter v/einingsleiar Kristin Steinsland
- Orientering om Knutsaåsen omsorgssenter v/einingsleiar Kristin Steinsland
- Orientering/presentasjon av ny kommunalsjef Anne Karin Fossdal
- Orientering ved ordførar Gaute Epland
- Orientering om Horneland bedehus v/Marit Langeland
- Orientering om Leirvik bedehus v/Johnny Dyrøy
- Orientering om Fylkeseldrerådet sitt arbeid v/Kjellbjørg Lunde

3. OVERSENDINGAR

Spørsmål om teamsmøte med Vestland fylke om transport for eldre m.fl.

Til rådmann:

Gode og fleksible transportløyningar for eldre viser seg erfaringsmessig å vera ein viktig føresetnad for å få til eit aldersvenleg samfunn. Fylket er ein heilt sentral aktør når det gjeld å finansiera, organisera og utvikla ulike offentlege og tilpassa transporttenester i kommunane.

Stord eldreråd ønskjer å få til eit teams-møte på ca. 1 time med relevante personar innan administrasjon og politikk i fylket, der me ønskjer å ta opp og få belyst m.a. følgjande tema og problemstillingar:

- * Kva ordningar og retningslinjer for transport tilpassa eldre, men også personar med nedsett funksjonssevne, har Vestland fylke i dag?
- * Kva udekkja behov ser Stord eldreråd for tilpassa transport lokalt?
- * Ser Vestland fylke føre seg at det kan utviklast fleksible transporttilbod der eventuelt nye og alt etablerte transportordningar kan samordnast og utfylla kvarandre til beste for brukarane?

Stord eldreråd meiner at også Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsrådet og Kontaktutval for innvandrarar og flyktningar kunne ha utbytte av å delta i eit slikt møte med sine problemstillingar.

Eldrerådet ber difor om at rådmannen organiserer og tilrettelegg for eit teamsmøte, der representantar for dei fire kommunale råda får møta representantar frå Vestland fylke i september 2022.

4. INITIATIV FRÅ ELDRERÅDET

Seniorkafe på Høgskulen på Vestlandet

Eldrerådet ønskjer å oppretta ein ny møteplass for eldre, gjerne i Nordbygdo. Difor har nestleiar Nils Tore Gram Økland vore i kontakt med Vidar Valdersnes, som driv Studentsamskipnaden «Sammen» si kantine på høgskulen, vedk. moglegheit for seniorkafè i studentkafèen.

Kantina er open for alle. Ein kan eta middag, kaker, baguettar og drikke der, eller ta med heim. På nettsida «Sammen» kan ein sjå vekesmeny og ein treng ikkje førehandstinga. Eldrerådet ser dette som ein tenleg plass, og ønskjer å oppretta seniorkafè torsdagar kl. 12. Første dato vert torsdag 17. mars 2022. Leiar Tove Dypå Lunde og nestleiar Nils Tore Gram Økland møter på første seniorkafè.

Eldrerådet får sett inn lysing i Sunnhordland om tiltaket.

Oppsummering etter at Eldrerådet smakte på middagen ved Stord sjukeheim sept. 2022

Etter vårt syn er middagen eit høgdepunkt på dagen og det viktigaste måltidet anten ein bur heime eller et middag på ein arbeidsplass. Slik vil det også vera om ein bur på ein sjukeheim.

Nokre av dei pasientane som sat ved vårt bord, var både nøgde og takksame for maten og serveringa dei fekk, og alle ved bordet kunne ikkje nok få rosa personalet. Samstundes var det også svært kritiske kommentarar til den generelle kvaliteten på hovudrettane.

Vår vurdering er at hovudretten ikkje held den kvaliteten ein må krevja når ein skal eta denne maten kvar dag heile året. Ein har ikkje noko anna val enn å eta det ein får. For vår del ville ikkje dette gitt forventningar til middagsmåltidet fordi måltidet ikkje ville gi stor matglede. Dette ville gått utover trivsel, appetitt og livskvaliteten på sjukeheimen, og dermed i siste instans påverka helsa.

Me vil tru at dersom ein produserte hovudretten lokalt basert på gode råvarer, så ville livskvalitet og helse for pasientane koma opp på eit høgare nivå.

5. TILSKIPINGAR

Eldredagen 01.10.2023

Eldrerådet hadde ansvar for den årlege eldredagen i Stord kulturhus. Tilskipinga vart gjennomført i samarbeid med Røde Kors Omsorg, Valestrand Mannskor og Stordingane. Foredragshaldar var Inge Halstensen frå Austevoll om «Mitt liv som fiskar i medvind og motvind». Seniorprisen gjekk til Leirvikstova v/Margunn Hamre Vassdal.

Publikumstalet på eldredagen har auka monaleg og var i år på nærare 300 personar.

6. PROSJEKTDELTAKING

- * Arbeidsgruppa for eit Demensvenleg samfunn – Nils Tore Gram Økland
- * Innbyggjarpanelet for Kommuneplanen – Tove Dypå Lunde
- * Arbeidsgruppa for samhandling kring eldre og personar med kroniske lidningar avslutta med fagdag for kommunane tilhøyrande Stord sjukehus og tilsette ved Stord sjukehus 21.04.22 – Tove Dypå Lunde
- * Ad hoc utval: Strategi for utvikling av indre Leirvik hamn – Nils Tore Gram Øklande
- * Ansvarsgruppa for den kulturelle spaserstokken – Randi Helland
- * Trivsels- og samarbeidsforum ved Stord sjukeheim og Knutsaåsen omsorgssenter - Randi Helland
- * Arbeidsgruppa for byromsstrategi – Nils Tore Gram Økland
- * Prosjekt Styrking av digital helsekompetanse for seniorar – Nils Tore Gram Økland

7. ANDRE REPRESENTASJONAR

Tove Dypå Lunde deltok på konferansen «Ein bustad for heile livet» 31.05.22 – der Statsforvaltaren i Vestland var tilskipar

Samling for eldreråda i Hordaland vart avvikla i Bergen 12.-13.09.2022. Deltakarar frå Stord eldreråd var Nils Tore Gram Økland, Randi Helland og Tove Dypå Lunde

Randi Helland deltok på konferansen «Leva heile livet – Frå samarbeid til samskaping» 09.11.22 – Statsforvaltaren i Vestland var tilskipar

Eldrerådstreffet for Sunnhordland var 25.06.22 på Storebø i Austevoll. Deltakarar var Randi Helland, Nils Tore Gram Økland og Tove Dypå Lunde.

Tove Dypå Lunde opna Røde Kors si samling for eldre på Fjellstova 21.06.22.

Randi Helland og Tove Dypå Lunde deltok på seniortreff på Huglo november 2022.

Stord, 15. januar 2023

Tove Dypå Lunde
leiar